



VESTLANDSUTSTILLINGEN

## Kontrakt – avtale om utstillingsvilkår

mellom VESTLANDSUTSTILLINGEN  
og kunstnarduoen:

Blomgren og Skuladottir

<b>Telefon</b>	Karin - 403 40 993 / Erna - 951 50 863 / IS +354 8979923
<b>E-post</b>	blomgren.karin@gmail.com / erna.skuladottir@gmail.com
<b>Postadresse</b>	Solheimsgaten 66, 5054 Bergen / Hagerups vei 49B, 5093 Bergen
<b>Atelieradresse</b> (for retur av verk)	Blokk, Lille Markeveien 15, 5005 Bergen /
<b>Personnummer</b> (11 siffer)	060287-21623 / 130583 23270
<b>Bankkonto</b>	98011583067 / 3624.33.74221
<b>Evt. org.nr.</b>	915068596 / 917038821
<b>Webside</b>	www.karinblomgren.com / www.ernaskuladottir.com

**1 : Omfang av avtalen:** Avtalen gjeld **separatutstilling i Kunsthall Stavanger** i samband med VESTLANDSUTSTILLINGEN 2018, i samarbeid med kurator Randi Grov Berger. Utstillinga vil finne stad i tidsrommet 14.juni – 12.aug. 2018.

**NB!** VU disponerar deltakande verk i inntil to veker etter at utstillinga er avslutta.

### 2 : Deltakande utstillarar i VU18:

- vil bli presenterte på VU si nettside og Facebookside.
- vil bli presenterte i trykt katalog/faldar, under føresetnad at VU får tildelt økonomisk støtte til dette.

### 4 : Ansvar:

#### A : Utstillar har ansvar for:

- Å oppgi reell forsikringssum for dei avtalte verka til VU18
- Pakke og merke kunstverk forsvarleg for transport. VU skal kunne transportere kunstverka i retur frå visningsstaden til utstillar i same emballasje.
- Setje av 3-5 dagar til montering av utstilling i samarbeid med kurator og visningsstad.

**B : VU har ansvar for:**

- Å dekke utgifter til frakt av kunstverk i retur frå visningsstaden til kunstnaren innafor Noreg, dersom ikkje anna er avtala.
- Produksjon av formidlingsmateriale til visningsstadene, presentasjon på [www.vestlandsutstillingen.no](http://www.vestlandsutstillingen.no) og plakatar.

**C: Visningsstadene har ansvar for:**

- Forsikring under utstilling
- Marknadsføring av utstillinga på staden, samt invitasjonar og vernissage.
- Gallerivakt
- Å pakke forsvarleg og sende kunstverk i retur til kunstnar på rimelegaste, sikre måte.

**5 : Sal og oppgjær:**

- Ved sal vert det rekna 40% provisjon: 23 % går til visningsstaden og 17 % til VU.
- Lokal arrangør er ansvarleg for oppgjær og distribusjon av selde varer. Økonomisk oppgjær skjer innan ein månad etter at kunstverket er betalt av kjøpar.
- Partane er kjende med påbod i lov som seier at 5 % av bruttosummen skal gå til Bildende Kunstneres Hjelpesfond (gjeld kunstverk med salsverdi over kr 2000,-). Lokal arrangør er ansvarleg for innkassering og betaling av avgifta.

**6 : Fotografering og informasjon til publikum:**

- VU tillet fotografering til privat bruk, illustrasjon ved kunstkritikk, pressedekning eller vitskapleg omtale.
- VU informerer publikum og presse ved trykt publikasjon (dersom VU får tildelt økonomisk støtte til dette) og webside, samt pressemelding og presseinvitasjonar. Utstillingsliste/prisliste ligg føre i utstillingslokalet.

**7 : Ved eventuell skade på kunstverk:**

- Ved skade på kunstverk får kunstnar utbetalt erstatning ut frå nettoppris – dvs. salspris/forsikringsverdi minus 40% av utbetalt erstatning til VU, til dekking av sakshandsaming og tap av salsinntekter. Utbetaling skjer etter oppgjær med forsikringsselskapet er utbetalt.

**8 : Utstillingshonorar:**

- Utstillingsvederlaget er kr. 10.000,- og vert kreditert bankkontoen til kunstnaren mot innsendt faktura innan ein månad etter utstillinga er avslutta

**9 : Rettskraft og tvistar:**


- Denne avtalen er bindande og uoppseieleg for begge partar med mindre det er semje mellom partane om endringar eller om sjukdom, ulukke, streik/boikott eller tvingande årsaker gjer det umogleg for ein part å halde avtalen. I så fall skal vedkomande utan ugrunna opphald gje den andre parten melding om dette.

Den parten som bryt avtalen, kan ikkje kreve ny avtale sjølv om vedkomande sjølv ikkje er skuld i brotet. Ved usemje mellom utstillar og utstillingsarrangør om forståing eller handheving av denne avtalen, skal ein prøve å kome til semje gjennom forhandlingar. Dersom forhandlingane ikkje fører til semje, kan kvar av partane bringe saka inn for dei allmenne domstolane, herunder forliksrådet.

Kontrakten skal skrivast ut i to eksemplar. Skriv under på begge og returner det eine til:

Vestlandsutstillingen  
Furulien 21  
5101 Eidsvågneset  
Telefon : 934 94 145

Eller elektronisk kopi til E-post [kontakt@vestlandsutstillingen.no](mailto:kontakt@vestlandsutstillingen.no)



-----  
Anneli Belsvik Aras  
for VESTLANDSUTSTILLINGEN

Dato: 29. desember 2016



-----  
Utstillar

Dato: 1 december 2016